



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Silje Anette Lyhammer, 55 57 21 51

Vår dato  
18.09.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/11555 521.1  
Dykkar referanse

UTLYGRA VILLSAULAG DA  
Lurevegen 1535  
5912 SEIM

### Svar på søknad om dispensasjon frå søknadsfristen i produksjonstilskot for del 1 mars 2018 - Utlygra villsaulag DA

Fylkesmannen viser til søknad om dispensasjon frå søknadsfristen i produksjonstilskot for mars 2018, dagsett 21. mars 2018 og uttale frå Lindås kommune, dagsett 17. september 2018.

#### Vedtak

**Fylkesmannen gjev føretaket Utlygra villsaulag DA, org.nr 986 880 593, dispensasjon frå søknadsfristen 15. mars 2018 i produksjonstilskot.**

Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket av 19. desember 2014 med tilhøyrande rundskriv.

Du loggar sjølv inn i Altinn og fyller ut søknadsdata for del 1 2018, med opphøveleg frist 15. mars 2018. Fylkesmannen opnar for at du kan registrera søknadsdata fram til **torsdag 27. september 2018**.

#### Bakgrunn

Utlygra villsaulag DA driv med hald av sau av rasen gammalnorsk sau i Lindås kommune. Utlygra villsaulag v/ Johan Lygre logga inn i Altinn 4. mars 2018 for å søkja om produksjonstilskot del 1 2018. Føretaket trudde søknaden var sendt, men fekk inga kvittering. 20. mars 2018 tok Johan Lygre kontakt med landbrukskontoret i Lindås kommune og fekk melding om at søknaden ikkje var registrert. 21. mars vart det dermed søkt om dispensasjon frå søknadsfristen.

#### Vurdering

I følgje *forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket og veileder til søknad om produksjonstilskot, søknad del 1 og del 2 2018*, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid. Søknadsfristen var 15. mars 2018.

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensera frå reglane i forskrifta, jf. § 9. Du søker om dispensasjon frå § 8 andre ledd. Vilåret om at dispensasjon kan gjevast i særlege tilfelle tyder at dispensasjon berre skal innvilgast når det føreligg ein særskilt og forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll, som igjen fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta. Fylkesmannen kan innvilga dispensasjonar i ein avgrensa periode. Det skal ikkje gjevast varige dispensasjonar.

Landbruksdirektoratet har, i runskriv 2018-5, gjort greie for at sakshandsamar skal føreta ei konkret, skjønsmessig heilskapsvurdering av om det ligg føre eit særleg tilfelle som talar for at føretaket bør gjevast tilskot, sjølv om vilkåra i den aktuelle regelen ikkje er oppfylt.

Du søkjer om dispensasjon frå søknadsfristen 15. mars 2018.

Det går fram av rundskriv 2018-5 at det ikkje skal innvilgast dispensasjon dersom søknaden er grunngeven med at søkjar hevdar å ikkje kjenna reglane i forskrifta. Det er søkjar sitt eige ansvar å halda seg oppdatert på dei gjeldande reglane til ei kvar tid. Søknadsfristen går fram av både forskrifta og jordbruksavtalen, og vert kunngjort i god tid før fristen går ut kvart år.

Fylkesmannen har vore i kontakt med Landbruksdirektoratet for å få sjekka loggen/historikken i søknaden til Utlygra villsaulag for mars 2018. Landbruksdirektoratet stadfestar at føretaket opna søknad 4. mars 2018. Det vart køyrt kontroll av søknad og søknaden vart lagra. Derimot vart ikkje søknaden sendt.

Fylkesmannen meiner det er grunnlag for å innvilga dispensasjon for føretaket Utlygra villsaulag DA, då føretaket var inne i skjema 4. mars 2018. Føretaket har køyrt kontroll, men gløymt å trykkja på «send inn» knappen. Føretaket loggar sjølv inn i Altinn og registrerer søknadsdata. Dette kan gjerast frå og med i dag til og med 27. september 2018.

### **Klagerett**

Dette vedtaket kan klagast på. Klagefristen er tre veker frå du mottok dette brevet, jf. Forvaltningslova § 29. Ein eventuell skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Dirk Kohlmann  
ass landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ